



**NSG**  
Norsk Sau og Geit

# Referat

## Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit"

**Tidspunkt: 15. - 16. Februar 2013**

**Stad: Skei Hotell, Jølster**

**Representantar frå lokallag :** 35 Lokallag representert med stemmerett 40 Røysteføre

**Representantar frå styret :** 5 + møteleiar

**Innleiarar:** 5

**Valnemd:** 1

**Gjester:** 9

Leiar Håvar Øyrehagen ønskte møtelyden, gjester, foredragshaldarar velkomne. Som innledning til årsmøtet orienterte Håvard litt om året som har gått, styresamansetning, kva saker ein har jobba med og utfordringar.

### Innlegg:

- **Sau og geit som næring – Jan Heggheim, Fylkesdirektør næring.**  
Snakka om næring, folketalsutvikling, utdanning, verkemiddel. Har sett på utviklingstrekk i jordbruk. Mykje av jordbruksarealet i Sogn og Fjordane er i drift, men tal aktørar som driv desse areala har gått mykje ned. Synte statistikk ut i frå spørreundersøkelse. Landbruket er viktig for matproduksjon, sysselsetting i industrien. Verdiskapsplanen – Matproduksjon, Fritidsbehov. Samdrifter blir kraftig diskriminerte. Kan ein ved ulike prosjekt skape ei positiv næringsutvikling, så er dette positivt. og ein vert betrakta som innovative.
  
- **NSG sett frå hovestyret – Ove Holmås, styremedlem NSG**  
Orienterte i frå NSG sentralt, om finansiering av avlsarbeid, medlemstal, medlemverving, der han framheva Gloppen sau og geit som har gjort ein framifrå jobb siste året. Det ligg endå eit stort potensiale med over 500 saueprodusentar som ikkje er medlemmer i Sogn og Fjordane. NSG selde bygget sit i Parkveien og flytta til Ås. Dette var ein genistrek. Styremøter foregår stort sett med 2 dagars møter, ellers nokre telefonmøter. Viktige saker NSG jobbar med går blant anna på: Rovdyr, ulike høyringssaker, klyppekurs som ein til no har fått midlar til gjennom staten, dette er slutt på no. Lokallaga må jobbe med dette. Jordbruksforhandlingane, betre økonomi. Underdekning av norsk produsert lammekjøtt. Ein må få gjort noko med tilskuddssystemet. Husdyrtilskudd i mellomgruppa, styrke beitetilskudd utmark. Framhalde satsinga på friskare geiter. Er bekymra for nedgangen i sauetalet. Meiner ein må sjå på lagsstrukturen, det er kanskje for små lokallag til å få til godt sauemiljø. Somme stader kunne det være fornuftig å slå i saman til større lokallag. Ynskjer seg meir press og engasjement frå lokallaga for å opp gode saker i gjennom organisasjonen.

- **NSG sett i frå fylkeslag, Tor Grøthe – Fylkesleiar i Buskerud Sau og Geit**  
Fortalde i frå Buskerud sau og geit. Har hatt konfliktsituasjonar innmark / utmark, rovdyr spesielt Gaupe. Fokuserte på å nytte utmarksressursane. Det ligg store fjellvidder som ikkje vert nytta. Det er viktig at det vert lagt til rette for at ein kan drive med sau og nytte utmarksressursane. Fokus på avl, helse og at dyreeigarar har eit ansvar for dyra sine og at dei vert stelte rett. Mange stader har ein store rovdyrproblem med Gaupe. Ein del område har organisert seg med gode jaktlag og greier å ta ut kvotejakta på Gaupe (sist sesong – 20 gauper). Gaupa må ein berre akseptere at skal være i faunaen i Buskerud. Populasjonen med ørn ligg godt over bestandsmålet. Ørna er hard på små lam. Næringa må prøve å utnytte potensiale som ligg utmarke. Fjelllandbruket må meir i fokus. Buskerud sau og geit skal arrangere NM i saueklipping til hausten. Ta med ungdommen ut på studieturar for inspirere dei som vil sastse. (nemnde Oppdal). Prosjekt som får kommunen til å bære fram veksten i næringa er viktig. Prøve å engasjere jordbrukssjefar i kommunar. Stimulere til vekst, utnytte tomme fjøs. Mange stader har ein store utfordringar i høve gjerding. Snakka om kartlegging av beiteressursar, vekselvis beiting storfe og småfe, utdanning, rovdyrforvaltning.

- **NSG sett i frå lokallag. Kjell Mardal – leder Gloppen sau og geit. Vidar Sandal – leder Breim sau og geit.**

Kjell Mardal, Gloppen sau og geit. Fortalde litt om aktiviteten i lokallaget. Gloppen sau og geit har lege litt nede. Laget hadde for eit par år sidan liten aktivitet. Siste året har ein i frå lokallaget prøvd å auke aktiviteten gjennom, fjøsmøte, felles kåringsgå på Fjordhestgarden, Matamål på Sandane, Gjetarhundoppvisning, Klippekurs, Fjelldag. Har auka medlemstalet med 10 medlemmer siste året. Sentralt i NSG snakkar ein om verving. Skal ein verve medlemmer må ein ha noko å tilby. Har ein noko å tilby så er det også lett å få med folk.

Vidar Sandal, Breim Sau og geit. Lokallaget i Breim låg siste 4 åra nesten heilt nede. Skal ein være lokallagsledar må ein gå inn for det. Lokallaget har greid å skape engasjement og kveikt gløden i både unge og gamle. Alle lokallag må lage seg mål. Har no greid å sprengt barrierar på å samle fleire i eit lag med god aktivitet til tross for lengre kjøyreavstandar. Viktig å stimulere til glede og samhold, skape felles plattform i næringa. Breimningane ser muligheter og vil opp og fram. Skapar ein noko som er interessant så samlar ein seg fleire. Få med den yngre garde. Kanskje har ein vore litt krasse med fylkeslaget. Det og skape noko i eit lokallag gledar meg voldsomt.

- **Jordbrukstingingar 2013**

Sogn og Fjordane sau og geit har prioritert viktige punkt som må spealast inn. Årsmøte har fått klare signal om å spisse framlegga med begrunningar og fylkesstyret har fått fullmakt til å spisse dette framlegget. Forslaget frå Geit går slik det er oppsett.

➤ **Lokallaga sin time.**

Vidar Sandal , Breim sau og geit saknar litt meir frå fylkesstyret på satsing ut mot lokallaga.

Gunn Sande, Selje, kunne ynskje meir samarbeid mellom lokallaga og fylkeslaga.

Kjell Olav Kusslid, Førde sau og geit engasjerer seg i prisløypa og har sendt innspel til Nortura.

Mirjam, Selje sau og geit, vi har hatt middelalderfestival og har hatt fokus på smårasene. Har også fokus på tap av dyr på beite og nytting av beiteressursar.

## **Årsmøtesaker:**

Tal røysteføre: 40 godkjente frå lokallaga og 5 frå styre og møteleiar, gjester, innleiarar

### **Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste og foretningsorden: Godkjent**

- **Val av møteleiar.** Ingolf Folven
- **Tal røysteføre, innleiarar, gjester, andre**

### **Sak 2. Val av 2 til å skrive under møteboka.** Gunn Sande og Vidar Sandal

### **Sak 3. Årsmelding 2012** (Årsmelding godkjent med rettelse på etternavnet til Jon Hegdal.

- Arbeid i styret
- Fjelldag med fagtema Flått og Alveld
- Kurs i kadaversøk med hund
- Leiarsamling
- Det er starta opp eiga geitegruppe
- Velferd i lamminga
- Høyringsuttaler.
- Minnepokalar.

### *Årsmeldingar frå undergruppene*

#### **Årsmelding frå Avlsutvalet.** (Audun Nedrebø) Samrøystes godkjent

Kjell Olav Kusslid. Kommenterte vraking grunna ull på kåring. Kva tenker avlsutvalet om dette her ? (Audun svarte) Vi var nok strengare før, men har lagt oss på same praksis som andre stader og godtek noko dauhår. Ulla på Crossbred er ikkje noko problem då ca 90% går i C1, men på spel er det vanskelegare.

- Vert kvaliteten svekka når det berre 1 dommar på sjåa på dei minste ? Trur ikkje det så lenge det er høveleg antal lam å bedømme.
- Er det mogeleg å starte nye væreringar? Kan sitte litt langt inne, men det er berre å prøve.
- Ingolf Folven kommenterte at ein må være forsiktig med oppheving av soner. Vidar Heggheim meiner ein bør oppretthalde eksisterande soner då vi får tilgong til semin.

**Årsmelding frå Gjetarhundutvalet.** (Kurt Magne Fardal) Samrøystes godkjent

**Årsmelding frå Geit i vekst.** (Ola Søgnesand) Samrøystes godkjent

**Tidenes beitesesong !** Håvard Øyrehagen gjekk igjennom denne meldinga då Liv Astrid Norheim Kusslid ikkje kunne møte. Gjekk gjennom statistikken på nedgong i sauetalet i Sogn og Fjordane som ser dystert ut.

**SNO !** Håvard Øyrehagen gjekk igjennom denne meldinga frå SNO. Viktig å få dokumentert spor og kadaver.

**Informasjon !** Årsmøtereferat frå Årsmøte 2012. Rettelse på side 34 under Sak 8 Budsjett. Her skal inntekter og utgifter balansere med 477 000 kroner.

Årsmeldinga er ellers utfyllande og god. Årsmeldinga vart godkjent med dei merknadene som er komne.

#### **Sak 4. Rekneskap og revisjonsmelding 2012**

Årsoverskot kr 19 262,90

Saldo 31/12 – 2012 kr 472 213,-

Rekneskap er revidert og samrøystes godkjend.

Styret fekk applaus for godt resultat.

#### **Sak 5. Arbeidsplan Sogn og Fjordane Sau og Geit 2013**

Møteplan månad for månad

##### **Andre saker styret bør jobbe med:**

- Årsmøter
- Medlemsverving, mål 10% auke = 2-3 medlemmer/lokallag
- Radiobjølle
- Rekruttering
- Tap av dyr
- Kontaktmøte rovvilt
- Fokus på næringa (dyretal, beite, bygg mm.)
- Fagtur
- Arrangementskalender på nettsida for lokallaga og fylkeslaget.

Det vart kommentert av Jostein Flatland at årsmøtesakene godt kunne være 2 dagen for å bli litt meir varm i forsamlinga, dernest bør årsmeldinga komme ut litt tidlegare.

Vidar Sandal kommenterte at fylkesstyret bør jobbe tettare opp mot lokallaga.

Lars Nesse, godt mogeleg at det kunne vore laga ein tur på våren ute med kysten og ein fjelldag i august inne i landet.

Arbeidsplana vart samrøystes godkjent med dei innspela som er innkomne.

## Sak 6. Innkomne saker

- **Organisering av avlsutval sau.** Lars Nesse. Frå styret i Sogn og Fjordane sau og geit, ser vi det som ynskjeleg at avlsutvalet får litt utvida arbeidsoppgåver. Dette må det nye styret og det nye arbeidsutvalet verte samde om.

Lars Nesse, ynskjer synspunkt på korleis ein kan sette i saman eit avlsutval i Sogn og Fjordane. Audun sa det er forslag om 2 representantar frå kvart fylke som går inn i eit regionautval. Det bør være 1 representant frå værring og 1 frå bruksbuskap. Intensjonen i NSG er at desse 2 kan være eit avlsutval for fylket. Det ligg forslag om 2 representantar frå Vest. Og at aust vert delt i 2.

Desse 2 representantane skal være ansvarlege får karingane og spreie avlsframgong. Halvar Espeset hadde sett føre seg representantar frå alle værringane. Gunn Sande meiner styret bør få fullmakt til å komme med forslag på nytt avlsutval. Lars Nesse, her må vi ha ein balansegang om å danne eit avlsutval som kan danne eit avlsutval bestående av folk frå både ringar og bruksbuskarar.

**Årsmøtet gav fylkesstyret fullmakt til å godkjenne organisering av avlsutvalet og avklare eventuelle endringar.**

- **Organisering av gjerethundutvalet.** Kurt Magne Fardal kom med framlegg for korleis ein ser for seg organisering i gjetarhundnemnda.

**Årsmøte i Sogn og Fjordane sau og geit går inn for at gjetarhundmiljøet i fylket får organisere seg i regionvise lag. Gjetarhundnemnda jobbar vidare med forslag til organisering som vert lagt fram for styret. Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit får med dette fullmakt av årsmøte til å godkjenne ei eventuell endring i organisering. DET VERT PRESISERT AT DET HER IKKJE ER SNAKK OM NOKO FORM FOR LAUSRIVING FRÅ SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT. Endeleg løysing som er valgt skal referast / informerast om på neste årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit. Kurt Magne Fardal, leiar gjetarhundnemnda.**

## Sak 7. Budsjett 2013

Eit totalbudsjett: Inntekter på kr 532 000.- og Utgifter kr 532 000,-

Det vart gitt rom for å auke sekretærgodtgjersle til 7000.-/år og til å kjøpe inn bærbar PC og printer til sekretær

Budsjettet for 2013 vart godkjent.

## **Sak 8. Val.**

Kommentar før valet:

- Jostein Flatland frå Sogndal kommenterte at det må være uheldig at ein ny fylkesleiar ikkje set meir enn 1 år, grunna uro i blant medlemmane.
- Ein stilte spørsmål om valnemnda var organisert som ein klikk.
- Gunn Sande kritiserte valnemnda om at ho har blitt åtvart om å komme med motkandidat til leiarvervet. Dette er barnsleg oppførsel. Kom med motkandidat på Geir Ole Ervik som leiar.
- Inge Erikstad støttar valnemnda si innstilling på Ragnhild Sæle.
- Ingolf Folven tek avstand frå press ut mot medlemmer som vil hevde sin demokratiske rett.

## **Tillitsvalde i Sogn og Fjordane Sau og Geit for 2012**

### **Styre for 2013**

Ragnhild Sæle, Jølster (Ny leiar) (Ragnhild Sæle 24 , Geir Ole Ervik 14, 2 blanke)

Lars Nesse, Lærdal (nestleiar for 1 år 35 stemmer) Attval (36 stemmer)

Lene Engvik Rasch, Aurland (sekretær) Attval (34 stemmer)

Rune Myklebust, Olden (styremedlem)

Eva Høydal, Kvammen

### **Varafolk**

Kjell Olav Kusslid, Førde (1.vara)

Margrethe Garlid, Stryn (2.vara)

Vidar Sandal, Breim (3.vara)

Mirjam Friberg, Selje (4.vara)

### **Revisorar**

Magnar Juklestad, Jølster

Magnar Juklestad attval 1 år

Inge Erikstad, Jølster

Inge Erikstad attval 1 år

**Vararevisor:** Ove Årdal, Jølster og Jon Helge Sandal, Jølster

## Godtgjersle til leiar, skrivar og møtegodtgjersle for 2013

### Desse satsane vart vedtekne:

Godtgjersle til leiar	kr 11000.-	uendra
Godtgjersle til sekretær,	kr 7000.-	Ny
Møtegodtgjersle pr møte uendra	kr 1000.- pr møte	uendra
Telefon til leiar, uendra	kr 3000.-	uendra
Telefongodtgjersle til sekretær	kr 1500,-	uendra
Køyregodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny
Passasjergodtgjersle	(Etter statens regulativ)	Ny

### Sak 9. Val av utsendingar og vara utsendingar til årsmøte i NSG:

(Utsending 1 ) Ragnhild Sæle

(Utsending 2 ) Lars Nesse

(Utsending 3 ) Rune Myklebust (Rune stemmer 36 - Audun Nedrebø 4 stemmer)

(Utsending 4 ) Tom Idar Kvam

### Vara utsendingar

(Vara utsending 1) Vidar Sandal

(Vara utsending 2) Eva Høydal

(Vara utsending 3) Lene Engvik Rasch

(Vara utsending 4) Margrethe Garlid

### Sak 10. Val av møteleiar for årsmøte 2014: Halvar Espeset, Askrova

Vara møteleiar Johan Berge, Oppstryn

### Sak 11. Val av valnemd for 2014

Dag Arne Helle (2 år) (Leiar)

Marit Henjum Halsnes (1 år suppleringsval)

Åse Leirgulen (3år)

### Vara til valnemnda:

Linda Alsaker

Sigurd Vikesland

Håvard Øyrehagen takka for seg og runda av årsmøtet og takka for godt gjennomført årsmøte  
Takka Ola Søgnesand, Helga Kvamsås og Johannes Nedrebø for støtte fylkeslaget får med  
årsmøtet. Ragnhild Sæle takka for tilliten som ny fylkesleiar.

Referent

Sign

Sign

Johannes Nedrebø

Vidar Sandal

Gunn Sande